

## PRISAR OG FORRETNINGSVILKÅR FOR STRANDA HAMNEVESEN KF 2019

Vedtak: Stranda hamnevesen KF sak 040/18 6 november 2018



---

TRER I KRAFT: 1. januar 2019

GJELD FOR: Stranda Hamnevesen KF – Stranda kommune sitt sjøområde og kommunale kai-/bryggeanlegg

---

### Orientering om prissystemet:

#### LOVREGULERT AVGIFT

Anløpsavgift er betaling for Stranda kommune sine "kostnader ved utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter, samt kostnader til å legge til rette for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde", jf. Havne- og farvannsloven § 25. Kommunen sitt sjøområde omfatter Stranda, Hellesylt og Geiranger. Minste anløpsavgift er for 1 døgn.

Gjeldende reglar og avgiftssatsar går fram av forskrift om anløpsavgift for Stranda kommune for 2019.

#### ØVRIGE VEDERLAG

I tillegg til anløpsavgift krev eventuelt Stranda hamnevesen KF ulike vederlag for fartøyet sin bruk av infrastruktur og andre tenester Stranda hamnevesen KF tilbyr:

##### Vederlag for bruk av infrastruktur

Fartøy som går til kai/nyttar kaifront betalar kaivederlag eller leige for båtplass. I tillegg vert det svara passasjervederlag dersom passasjerar brukar kommunale kai-/bryggeanlegg til av- og påstiging. Når fartøy går til kai/nyttar kaifront ved Hellesylt cruise kai vert det ikkje kravd passasjervederlag, utanom for fartøy som betalar leige for kai-/båtplass etter pkt. 4.1 eller 4.2, jf. også kulepunkt 3 i merknader til pkt. 4.

Når eit fartøy stoppar eller ankrar opp i hamneområdet utan å legge til ein kaifront (jf. havne- og farvannsloven § 4) og set av eller på passasjerar over kommunale kai-/bryggeanlegg ved hjelp av tenderfartøy, vert det kravd passasjervederlag og sikrings-/ISPS-gebyr. Det vert då ikkje kravd kaivederlag i tillegg.

Slikt krav om passasjervederlag gjeld alle motoriserte fartøy som brukar kommunale kai-/bryggeanlegg til av- og påstiging av passasjerar, inkludert:

- Nasjonal og internasjonal cruise- og passasjertrafikk
- All skyss- og sightseeingtrafikk
- RIB-båtar og anna liknande verksemd

Med «moderfartøy» forstås ein i dette dokumentet fartøy som stoppar eller ankrar opp i hamneområdet (jf. havne- og farvannsloven § 4) og set av eller på passasjerar over kommunale kai-/bryggeanlegg.

Med «tenderfartøy» forstås ein i dette dokumentet fartøy som vert nytta til å bringe og/eller hente passasjerar til/frå eit anna fartøy som har stoppa eller ankra opp i hamneområdet (jf. havne- og farvannsloven § 4) i samband med av- og påstiging over kommunale kai-/bryggeanlegg, uavhengig av om tenderfartøyet høyrer til/følgjer med moderfartøyet eller er rekvirert frå anna hald.

Det vert berre kravd passasjervederlag for bruk av kai-/bryggeanlegg i næringsssamanheng. Med «i næring» eller «i næringstrafikk» forstås ein i dette dokumentet all trafikk eller verksemd som skjer i næringsaugemed, typisk mot ei eller anna form for vederlag, uavhengig av kven som svarar eller er mottakar av vederlaget.

For bruk av SeaWalk vert det kravd eit eige vederlag.

#### ISPS-/Sikringsgebyr (EU-/EØS-forordning 725/2004)

ISSC-sertifiserte fartøy vert rekna for å vere i internasjonal fart. Desse må nytte ISPS-område og betale eit sikringsgebyr for det. ISPS-områda i Geiranger og på Hellesylt har særskilt infrastruktur (inngjerding, tilgangssluser) og er underlagde krav til særskilt vakthald i samband med internasjonale anløp. Dette gjeld uavhengig av om moderfartøyet sjølv legg til kai (Hellesylt, Seawalk ( Geiranger ) eller om passasjerane stig av og på via tenderbåtar.

Dersom hamna må setje i verk ytterligere sikringstiltak må skipet sjølv dekkje desse kostnadane.

Sikrings-/ISPS-gebyret har til formål å dekke Stranda Hamnevesen KF sine utgifter forbunde med hamnesikring (security). Slik Stranda Hamnevesen KF har valt å legge opp prisinga av sitt tenestetilbod, har ikkje sikrings-/ISPS-gebyret til formål å gje resultatteffekt.

#### Andre opplysingar om vederlag for bruk infrastruktur

Utanom for leige av båtplass på årsbasis, gir prislista uttrykk for prisar per døgn. Krav på passasjervederlag og sikrings-/ISPS-gebyr vert utløyst ved at ein passasjer/passasjerar stig av eller på over kommunale kai-/bryggeanlegg. Det vert berre berekna passasjervederlag og sikrings-/ISPS-gebyr ein gong per døgn per passasjer.

#### Vederlag for bruk av andre tenester

I tillegg kjem vederlag ved bruk av andre tenester som vert tilbode, til døme fortøyingstenester og for administrasjon og kostnadsdekning i situasjonar der Stranda hamnevesen KF sjølv vert fakturert for bruk av lostenester i samband med skipsanløp.

### BRUK AV INFRASTRUKTUR I HAMNA

---

Vederlag for bruk av infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal, terminaler og andre anleggsmidlar som tilhøyrer Stranda Hamnevesen KF.

Følgjande priskategori inngår:

- Kaivederlag – betaling for bruk av kai, pkt. 1 og 2
- Leige av båtplass pkt. 4
- Leige for bruk av Seawalk i Geiranger, pkt. 3
- Varevederlag – betaling for bruk av kaiareal for mellomlagring av gods før lasting/ etter lossing, pkt. 6
- Passasjervederlag og sikringsgebyr, pkt. 5
- Sal av varer og tenester, pkt. 7

### 1. KAIVEDERLAG 2019 – alle satsar er eks. mva.

Etter bruttotonnasje	Intervall	Pr. tonn
For dei første	0 - 500	Kr. 0,86
For dei neste 500	501 - 1000	Kr. 0,79
For dei neste 3000	1001 - 4000	Kr. 0,73
For dei neste	4001	Kr. 0,54

### 2. KAIVEDERLAG FOR CRUISE- OG PASSASJERSKIP 2019:

Etter bruttotonnasje	Intervall	Pr.tonn
For dei første	0 - 6000	Kr. 0,61
For dei neste	6001 – 20 000	Kr. 0,58
For dei neste	20 001 – 70 000	Kr. 0,53
For dei neste	70 001	kr. 0,48

Merknad:

- Kaivederlag for alle fartøy over 15 m og gjeld for bruk av kai, kaiareal, fasilitetar og andre anleggsmidlar som tilhøyrer Stranda Hamnevesen KF
- Dei som har unntak frå betaling av anløpsavgift etter forskrift om anløpsavgift for Stranda kommune for 2019 betalar kaivederlag etter alminnelege satsar for bruk av offentleg kai.
- Av omsyn til miljø og trafikkavvikling tilrår ein at alle passasjerfartøy som har anløp til Hellesylt nyttar kaia for av- og påstigning, dersom kaia er ledig.

### 3. VEDERLAG FOR BRUK AV SEAWALK I GEIRANGER 2019:

Alle fartøy pr. bruttotonn	Kr. 1,30
Assistanse til fortøyning til SeaWalk inkl. båt og mannskap	Kr. 19 500,-

- Av omsyn til miljø og trafikkavvikling tilrår ein at alle passasjerfartøy som har anløp til Geiranger nyttar SeaWalk for av- og påstigning, dersom SeaWalk er ledig.
- **2020: Pris alle fartøy pr. bruttotonn Nok 1,35**

### 3.1. NYTT VEDERLAG FOR BRUK AV SEAWALK OG POS 4B I GEIRANGER 2020:

Alle fartøy pr. bruttotonn	Kr. 1,35
Assistanse til fortøyning til SeaWalk og Seawalkbøyer inkl. båt og mannskap	Kr. 20 000,-

- Vederlag for bruk av Seawalk og fortøyning POS. 4B (mellom 2 Seawalk bøyer) i Geiranger .
- Med bakgrunn i miljøhensyn vert vederlag for bruk av posisjon 4B (mellom Seawalk bøylene) lik vederlag for bruk av Seawalk frå 01.01.2020.
- Dersom skip som er tildelt POS. 4B ynskjer å nytte Seawalk, er dette inkludert i vederlag for bruk av POS. 4B.
- Skipsstørrelse er min. 180 m

#### 4. PRIS FOR LEIGE AV KAI-/BÅTPLASS 2019:

(til lokal/regional skyss- og sightseeingtrafikk mm.) – alle satsar er eks. mva:

##### 4.1 Pris for leige av kai-/båtplass på årsbasis for 2019

Fartøy under 12 meter	Kr. 10 090,-
Fartøy mellom 12 og 15 meter	Kr. 16 840,-
Fartøy med lengde over 15 meter	Kr. 28 020,-

##### 4.2 Leige av kai-/båtplass på døgnbasis for fartøy som ikkje har avtale om leige på årsbasis (pris pr. påbyrja døgn)

Fartøy under 10 meter:	Kr. 205,-
Fartøy mellom 10 og 15 meter:	Kr. 320,-
Fartøy med lengde over 15 meter:	Kr. 470,-

##### Merknad:

- Stranda Hamnevesen tilbyr kai-/båtplassar for fritidsfartøy, fiskefartøy og næringsfartøy ved offentlig kai i Stranda, Hellesylt og Geiranger.
- Fartøy som etter søknad har fått tilvist plass ved Stranda Hamnevesen KF sine kaier/båtplass, skal betale ovannemnde faste vederlag/leigesum pr. år.
- **Ovannemnde årsleige inkluderer ikkje bruk av kai-/båtplassen til av- og påstiging av passasjerar i samband med næringstrafikk. I slike høve må det i tillegg svarast passasjervederlag.**
- Dersom fartøy som har leigd kai-/båtplass bringar og/eller hentar passasjerar til/frå anna fartøy som har stoppa eller ankra opp i hamneområdet (jf. havne- og farvannsloven § 4), er moderfartøyet adressat for kravet om passasjervederlag. Dersom moderfartøyet ikkje gjer opp krav på passasjervederlag eller sikrings-/ISPS-gebyr vert tenderfartøyet gjort ansvarleg (sekundært ansvarleg).
- Tillegg for straum pr. målt forbruk ( min kr 1000,- )

#### 5. SIKRINGSGBYR OG PASSASJERVEDERLAG - alle satsar er eks. mva.

Sikrings-/ ISPS-gebyr for passasjerfartøy i internasjonal fart (ISSC-sertifiserte), jf. EU-/EØS-forordning 725/2004	Kr. 4,89 pr. passasjer
Passasjervederlag ved all bruk av kommunale kai-/bryggeanlegg til av- og/eller påstiging av passasjerar, inkludert i samband med: <ul style="list-style-type: none"><li>• nasjonal eller internasjonal cruise- og passasjertrafikk</li><li>• all skyss- og sightseeingtrafikk, inkl. lokal og regional trafikk, utleigeverksemd av fartøy m.m</li></ul>	<b>2019: kr. 22,00</b>  <b>2020: min pris kr 23,00 – max pris kr 33,- pr. pass.</b>  Prisen er avhengig av EPI score.

##### Merknad:

- Passasjervederlag og sikrings-/ISPS-gebyr vert fakturert etter fartøyet si passasjerliste. Alternativt vert passasjervederlag og sikrings-/ISPS-gebyr fakturert etter liste over av- og påstigande passasjerar, dersom fartøyet legg fram slik liste eller på annan måte tilstrekkeleg godtgjer det.
- Moderfartøyet er adressat for krav om passasjervederlag og sikrings-/ISPS-gebyr uavhengig av om tenderfartøyet høyrer til/følgjer med moderfartøyet eller er rekvirert frå anna hald. Dersom moderfartøyet ikkje gjer opp krav på passasjervederlag eller sikrings-/ISPS-gebyr vert tenderfartøyet gjort ansvarleg (sekundært ansvarleg).

- Passasjerlederlag, i samband med utleige av fartøy og anna liknande næring, vert berekna for kvar person som brukar kai-/bryggeanlegg til av- eller påstiging, og vert fakturert på grunnlag av liste over av- og påstigande passasjerar innlevert av utleigar.
- Skipsmannskap eller representantar for utleigarar vert det ikkje berekna passasjerlederlag for.

### 5.1 NYTT – Environmental Port Index (EPI)

På passasjerlederlag som fylgjer av punkt 5, vert det gjeve fylgjande rabattar basert på fartøyet sin poengsum etter Environmental Port Index:

EPI-poengsum	Rabattsats

EPI-poengsummar og rabattsatsar vil verte teke stilling til og sette inn i tabellen nedanfor når EPI-modellen er ferdigstilt.

EPI-portalen skal sørge for effektiv datainnsamling, datakvalitetssjekk og berekning av ein EPI-score. EPI er basert på skipet sitt faktisk forbruk og operative forhold ved eit anløp i hamna. Dette betyr at skipet må (det er ikkje frivillig ) rapportere inn forbruk etter anløp, noko som over tid vil generere verdifull data på det faktiske utslepp til luft, samt effekt på klima.

For ordens skuld gjer vi merksam på at når det gjeld hamnelova sin §1, så er ikkje miljøhensyn nemnt direkte og forskrift frå 2010 - §2 gjev kommuna rett til å fastsette ikkje diskriminerande rabattordningar.

Ein miljørabatt er meint å skulle verke likt uavhengig av skip sin nasjonalitet, storleik, skipstype og type skipsfart. Fylgjeleg er rabatten i samsvar med gjeldande hamnelovgivning og aktuelle EØS-rettslege regelsett.

### 5.2 Sikringsgebyr for ISPS-fartøy (vare- og godstransport)

Tonnasje	Intervall	Pris
For dei første	0 - 500	Kr. 160,-
For dei neste 500	501 - 1000	Kr. 470,-
For dei neste 3000	1001 - 4000	Kr. 730,-
For dei neste	4001	Kr. 1360,-

## 6. VAREVEDERLAG 2019 – alle satsar er eks. mva

Vederlag gjeld all varer som vert lossa eller lasta, uavhengig av transportmiddel (bil, båt, lekter etc.) over Stranda Hamnevesen KF sine kaier.

For lasting av tømmer vert det utarbeidd egne avtalar. Reinhold og lagerplass er ikkje omfatta av prisen.

Berekningsgrunnlaget for vareavgift er vara si vekt i tonn inkl. emballasje( bruttovekt ). Vekta vert omrekna til vekteinng, grunnsats 1m<sup>3</sup> = 0,5 tonn. Bulk og partilast 1m<sup>3</sup> = 1,5 tonn. **Berekningsgrunnlaget vil aldri vere mindre enn vara si vekt.**

Type gods	Pris pr. tonn
Emballert, pallertert eller stua i container og kan behandlast som ei eining.	Kr. 14,-
Alle varer i container ( eingongsbeløp ) Gjelder for lossing og lasting over kai innan 30 dagar.	Kr. 200,- pr. 20 fots container Kr. 347,- pr. 40 fots container

Type gods	Pris pr. tonn
Sand, singel, asfalt, sement, gjødsel og dyrefor	Kr. 4,10
Tømmer ( eigen avtale )	Kr. 9,30 pr. m3
Volumvarer - ikkje spesifisert. Eks: bygningsprodukt, bark, papir, plast, jern, aluminium, stål, fisk, ferskvare, andre matvarer	Kr. 6,30
Øvrige varer	Kr. 13,80 pr. tonn

Merknad:

- Minste pris er : kr 215,- pr. vareparti
- Varer som kjem til kai med eit fartøy og vert vidaresend med anna fartøy vert ilagt vederlag.
- For varer som vert omlasta ved kai, vert det ilagt vederlag berre ein gang dersom vara ikkje er foredla eller har vore utanfor kaiområdet.
- Det vert ikkje kravd vederlag for varer som utgjør ein del av fiske- og fangstfartøy sin fangst.
- Vederlag for inngåande varer er mottakar sitt ansvar, og for utgåande varer ligg dette til avsendar.
- Transportør, meglar og ekspeditør har ansvar for innkrevjing av vederlag for varene.
- Transportør, meglar og ekspeditør pliktar omgåande å oversende oppgåve over mengde for kvart anløp på godkjend skjema. Oppgåva skal innehalde opplysningar om mengde og type varer. Mindre mengder stykkgoods skal førast som uspesifiserte varer.
- På grunnlag av innsend oppgåve vil hamnevesenet fakturere vareavgifta til vedkomande transportør.

## 7. SAL AV VARER OG TENESTER 2019– alle satsar er eks mva.

Arbeid som vert utført av Stranda Hamnevesen KF:

### Hellesylt cruise kai: Vederlag fortøyning til kai og leige fortøyningsbåt

Tonnasje	Intervall	Fortøyning/ lauskasting
For dei første	0 – 10 000	Kr. 3260,- Ingen fortøyningsbåt.
For dei neste	10 001 – 30 000	Kr. 8710,- Inkl. fortøyningsbåt
For dei neste	30 001 – 70 000	Kr. 15 230,- Inkl. fortøyningsbåt
For dei neste	70 001	Kr. 17 410,- Inkl. fortøyningsbåt
Leige fortøyningsbåt	Pr. time	Kr. 2350,-

### Geiranger: Vederlag for fortøyningsassistanse med hamnebåt ( førar og 1 mannskap )

Geiranger: Assistanse til fortøyning til pullert	Kr. 5 120,-
Geiranger: Leige av hamnebåt med mannskap:	Kr. 6 240,-
Geiranger: Fortøyning posisjon 4B (mellom 2 Seawalk bøyer )	Kr. 59 000,-

## 7.1 EKSTRA VEDERLAG FOR TENDRING/ FORTØYNING I GEIRANGER

<b>Geiranger</b>	
Vederlag for dekning av kostnader til administrasjon og bruk av lostenester for skip over 250 m som fortøyar i posisjon 2 Lausneset.	Kr. 15 350,-
For skip som legg seg i posisjon 1, posisjon 2S og posisjon 3S utan å fortøye, men som etter Kystverket sin ankerplan var tildelt annan ankerposisjon, vert det belasta eit vederlag for den reservasjon av fortøyingsinstallasjon- og fortøyingsassistansekapasitet som har funne stad i samsvar med ankerplanen.	Skip under 20000 brt: kr 5 120,- Skip over 20001 brt: kr 15 350,-

7.2 Pris for arbeidstid til andre pr. time:

Ordinær timelønn kvardagar kl 07 -16	Kr. 520,-
Arbeid overtid 50%	Kr. 778,-
Arbeid overtid 100 %	Kr. 1040,-
Arbeid overtid 133 %	Kr. 1205,-

Merknad:

- Minstepris gjeld 2 timars arbeid
- Timepris gjeld oppmøte og ventetid

7.3 **NYTT Pris** renovasjon Hellesylt og Stranda, eks. mva:

<b>Gebyrtype</b>	<b>Sats</b>	<b>Enheit</b>
Avfallsgebyr ,skip inntil 2000 BT	Kr. 120.-	pr. anløp
Avfallsgebyr, skip over 2000 BT	Kr. 200.-	pr. anløp
Avfallsgebyr, etter levert mengde	Kr. 120,-	pr. sekk

Prisliste og prisar for ulike avfallstypar som blir levert etter faktisk mengde, kan ein få ved å kontakte hamnevesenet.

Merknad:

- STHA kan nytte avtaler for handtering av avfall gjennom dei kommunale innkjøpsordningane. Stranda kommune har i dag ei avtale med det interkommunale selskapet ÅRIM.
- Gjeld for alle fartøy som har anløp til kaier på Hellesylt og Stranda.
- Skipsfører skal sørge for å melde inn mengde avfall. Meldingsskjema for avfall må vere innsendt minst 24 timar på førehand om dei skal levere avfall.
- Renovasjon gjeld for bysseavfall og emballasje .
- Spesialavfall, olje og septik kan leverast til andre renovasjonsfirma som krev eit eige gebyr. Ta kontakt med administrasjon( 46 41 11 31/34/13 ) for nærmare informasjon om avfallsordning.

---

Kontaktinformasjon:

**Stranda hamnevesen KF** –

Besøksadresse: Geirangervegen 2, NO-6216 Geiranger.

Øyna 13, 6201 Stranda

Tel: + 47 464 111 13/ 31/34

Epost: [rima@stranda.kommune.no](mailto:rima@stranda.kommune.no)

[www.stranda-hamnevesen.no](http://www.stranda-hamnevesen.no)